

Postpensjonistane i Sogn og Fjordane

## ÅRSMELDING 2023

### 1. Årsmøtet 2023

Årsmøtet i 2023 vart halde på Thon hotell Førde fredag 17. mars 2023. Der møtte 30 medlemmer. Før sjølve møte var det quiz og anna underholdning godt leia av Hjalmar Fureli.

### 2. Styret og nemder

I meldingsåret har styret og nemder vore samansett slik:

Leiar	Kjell G Vagstad
Nestleiar	Venke Heggenes Linde
Sekretær	Åse Rosø
Økonomiansvarleg	Anders Vosseteig
Styremedlem	Hjalmar Fureli

Varamedlemer: 1. John Lien, 2. Grete Finnebotten, 3. Bjørg Dalaker

Revisorar: Oddmund Alværen og Oddvar Sande, vara Elna Lund

Aktivitetsnemd:

Leiar	Hjalmar Fureli
Medlem	Agnar Åsnes
Medlem	Turid Eimhjellen
Vara	Marit Helgheim

Valnemd

Leiar	Arnt Bøe
Medlem	Bente Troye
Vara	Elbjørg Hustveit

### 3. Styremøter og deltaking i andre møter

Det har vore halde 9 styremøter og handsama 60 større og mindre saker. Styret har vore representert på treffmøter og turar som laget har arrangert. Leiar deltok på leiarkonferansen i Postpensjonistane på Gardermoen.

### 4. Medlemsbladet

Det er utgitt 6 nr av medlemsbladet Vestfylket i 2023. Til dei medlemmer som ikkje har oppgitt E-postadresse vert bladet sendt i Posten. Bladet blir kopiert hos Bygdeavisene i Holmedal. Takk til redaktøren John Lien som står for stofftilgang, redigering og utsending til medlemmer som har oppgitt E-postadresse.

## 5. Medlemskap og medlemsverving.

Med den aldersamansetning som me har i laget vårt er det vanskeleg å unngå at medlemsutviklinga er negativ. Ulike årsaker som manglende betaling til tross for purring, utmelde av andre grunnar/flytting ol .er hovedårsakene til nedgangen. Medlemer pr 31.12.2023 var 213 , ein samla nedgang frå 232 ved forrige årskifte. 139 av medlemsmassen pr 31.12.-23 var også medlemer i Fagforbundet.

## 6. Samarbeid med Sogn og Fjordane Pensjonistlag.

Det har ikkje vore aktivt samarbeid med pensjonistlaget i Sogn og Fjordane, enkeltmedlemer deltek aktivt i dei lokale pensjonistlaga.

## 7. Trygdeoppgjeret

Eit historisk godt trygdeoppgjere på 8,53 % gjeldande frå 1. mai vart resultatet for fjoråret. Ein del av dette var etterbetaling frå 2022 då prisveksten var ein god del større enn det som var lagt til grunn for trygdeoppgjeret for 2022.

## 8. Økonomi

Medlemskontingenten for 2023 var 122 kr for medlemer i Fagforbundet og 356 kr for andre. Rekneskapan syner eit positivt resultat på kr 158.050 mot budsjettert med et overskudd på ca kr 7000.

Samla bankinnskott pr 31.12.-23 syner kr 356.447.

Årsaka til den store auken i overskuddet skuldast i fyrste rekke to forhold

\* Bingoinntekter frå 2 spele plassar, Øvre Årdal og Førde. Samla inntekt på 109.000 som ikkje var budsjettert og

\* Overnattingstur som ikkje vart noko av.

Av rekneskapan går det elles fram at inntektsida syner

* tilskott frå Onkelfondet	kr 50.000
* medlemsstøtte frå PPF	kr 20.880
* medlemstøtte fra Fagforbundet	kr 10.181
* grasrotandelen frå Norsk Tipping	kr 18.769
* MVA kompensasjon	kr 32.917

godt i tråd m vedteken budsjett.

På utgiftssida var det styremøter, medlemsturar og medlems-og årsmøte som utgjorde dei største utgiftene.

## 9. Aktivitetsnemda

Aktivitetsnemda har vore godt leia av Hjalmar Fureli og bortsett frå at overnattingsturen til Jevnaker måtte avlysast då det melde seg for få deltakar, har nemda fått til 3 dagsturar med variert program.

- \* Hyllestad og Kvernsteinparken og vidare til Jakob Sande-senteret i Dale
- \* Villmarka, Zoologisk museum på Leikanger og Njøs forskningstasjon
- \* Bresenteret i Fjærland og Bokbyen i Fjærland m lunsj på Brevasshytta v Bøyabreen.
- \* I tillegg var det sett opp busstur til Hadeland m 2 overnattingar på hotell. Denne turen var avlyst då det melde seg for få deltakarar.

-----

Aktivitetsnemda takkar alle medlemmer for samhandling og deltaking i dei tilbuda dei har hatt. Styret rettar takk til aktivitetsnemda for dei tilboda dei har fått til for medlemmane. God planlegging og gjennomføring har gitt vekslende deltaking på dei ulike aktivitetane.

## **10. Treffmøter**

Laget vårt arrangerer treffmøter rundt om i dei enkelte rodene i Sogn og Fjordane. Sist ut er Stryn slik at pr utgangen av året er det treffmøter i

- \* Førde
- \* Stryn
- \* Sogndal/Kaupanger
- \* Sandane

Nærmare invitasjon til den enkelte rode vert lagt ut på Facebook, mail eller sms.

## **11. Høstmøte**

I tråd med god tradisjon for Postpensjonistane i Sogn og Fjordane var det arrangert høstmøte for medlemmer på Jølster hotell på Skei 13.-14.oktober 2023.

35 medlemmer møtte opp til ein faglig bit i tillegg til middag og underholdning m dans. Framtidsfullmakt var det aktuelle tema m ekstern foreleser.

## **12. Sluttord**

Styret vil takke medlemmer for positiv interesse for det me arbeider med og godt samarbeid. Me set pris på oppslutningen om turar og møter.